



NVE

VAKA KRAFTVERK AS
Kamsvegen 60
5590 ETNE

Vår dato: 15.09.2026

Vår ref.: 202314164-16 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gir løyve til å auka maksimal slukeevne for Vaka kraftverk i Vindafjord kommune, Rogaland fylke

Vi viser til søknad av 24.11.2025 om løyve til å auka maksimal slukeevne for Vaka kraftverk. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med føresetnader for løyvet. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE vurderer at fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir løyve til alternativ 2, om at Vaka kraftverk AS kan auka maksimal slukeevne for Vaka kraftverk til 720 l/s.

Vedtaket er gitt i medhald av vassressurslova § 8. Resten av vilkåra i vassdragskonsesjon av 27.11.2012 er framleis gjeldande.

NVE stiller følgjande krav

De må informere grunneigarar og rettshavarar som blir påverka av tiltaket

NVE ber om at dette brevet så snart som mogleg blir sendt til grunneigarar/rettshavarar som blir påverka av tiltaket. Eigarar av både bygde og ubygde eigedomar skal varslast. NVE ber om å få ei stadfesting når de har orientert grunneigarar og rettshavarar som blir påverka av tiltaket, med dato for utsendinga.

De må gjennomføre tiltaket innan fem år

Løyvet til auka maksimal slukeevne fell bort dersom de ikkje gjennomfører endringa innan fem år. NVE kan forlengje fristen ein gong med inntil fem nye år.

De må melde frå når de gjennomfører endringa

De må fylle ut følgjande skjema, som blir sendt til NVE: «Melding om idriftsetting nye vasskraftverk eller opprustings- og utvidingstiltak i eksisterande kraftverk». Skjemaet er tilgjengeleg på <https://www.nve.no/om-nve/skjema-og-rapporteringsordninger/>.

Kraftverk med generatoryting over eller lik 100 kVA har registreringsplikt etter skattelovgivinga. All kraft produsert i slike anlegg er også avgiftspliktig. Meir informasjon finst i «Årsrundskriv for avgift

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

på elektrisk kraft», tilgjengelig på <https://www.skatteetaten.no/rettskilder/type/rundskriv-retningslinjer-og-andre-rettskilder/avgiftsrundskriv/>.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Eksisterande vasskraftanlegg og konsesjon

NVE gav i vedtak av 27.11.2012 konsesjon etter vassressurslova § 8 til å byggje og drive Vaka kraftverk i Vindafjord kommune, Rogaland fylke. Det vart gitt konsesjon til ein installert effekt på 0,98 MW med minste og største slukeevne på høvesvis 24 l/s og 480 l/s (NVE ref. 201002507-16). Minste slukeevne vart i detaljplanen endra frå 24 l/s til 10 l/s og installert effekt vart justert opp til 1,07 MW (NVE ref. 201304009-4). Kraftverket vart sett i drift i 2014.

I konsesjonsvedtaket frå 2012 reduserte NVE den omsøkte maksimale slukeevna frå 750 l/s til 480 l/s, for å avbøte mogleg påverknad på livsvilkår for flaummose (*Hyocomium armoricum*) i Vakaelva. Førekosten av flaummose vart vurdert som eit sentralt omsyn i saka. Vaka kraftverk AS ønskjer no å utnytte vassressursen betre ved å auke den maksimale slukeevna i det allereie etablerte anlegget.

Søknaden

Vaka kraftverk AS søker om løyve til å auke maksimal slukeevne i Vaka kraftverk frå 480 l/s til 865 l/s. Søkjar har òg vurdert eit alternativ 2 med maksimal slukeevne på 720 l/s. Dagens kraftverk har installert effekt på 1,07 MW og ein årleg middelproduksjon på om lag 4,6 GWh. Ved hovudalternativet vil installert effekt auke til 1,8 MW. Årleg produksjon vil då auke med om lag 1,8 GWh til 6,4 GWh. Ved alternativ 2 vil installert effekt auke til 1,55 MW, og årleg produksjon til om lag 5,5 GWh. Dette svarer til ein produksjonsauke på om lag 0,9 GWh samanlikna med dagens løyve.

Tabell 1: Hovuddata for søkt endring i Vaka kraftverk. Tal henta frå søknaden.

Hovuddata	I dag	Hovudalternativ	Alternativ 2
Installert effekt, maks (MW)	1,078	1,8	1,55
Produksjon, årleg middel (GWh)	4,65	6,4	5,5
Slukeevne, maks (l/s)	480	865	720
Slukeevne, min (l/s)	10	10	10
Middelvassføring (l/s)	490	490	490

Den nedgravne rørgata er allereie bygd og dimensjonert for den omsøkte slukeevna. Det er òg ledig plass i kraftstasjonen til ekstra turbin. Tiltaket vil dermed ikkje medføre nye tekniske inngrep i vassdraget, verken for hovudalternativet eller alternativ 2. Det er ikkje søkt om endringar i pålagt minstevassføring.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette. Søknaden vart derfor berre sendt på høyring til Vindafjord kommune, Rogaland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland med høyringsfrist 22.01.2026. Vi har fått ei fråsegn:

Statsforvaltaren i Rogaland uttalte følgande i brev til NVE den 19.01.2026:

(...)

Vi viser til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), datert 26.11.2025.

Bakgrunn

*NVE har motteke ein søknad frå Vaka kraftverk AS om løyve til å auke slukeevna for Vaka kraftverk i Vindafjord kommune frå 480 l/s til 865 l/s. Søknaden skal behandlast etter vassressurslova. Vaka kraftverk fekk 27. november 2012 konsesjon til å nytte vassfallet i Vakaelva, mellom kote 263 og kote 5. Med grunngjeving i førekomst av raudlistearten flaummose (*Hycomium armoricum*), blei omsøkt slukeevne på 750 l/s (tilsvarande 154 % av middelvassføringa) redusert til 480 l/s (tilsvarande 98 % av middelvassføringa).*

Det blir no søkt om at slukeevna for Vaka kraftverk blir auka til 865 l/s. Dette vil auke årleg produksjon av rein og fornybar energi med 1,8 GWh (frå 4,6 GWh til 6,4 GWh). Auken utgjer straumbeløpet for 90 husstandar. Nedgraven røyrgate er på førehand bygd og dimensjonert for omsøkt slukeevne 865 l/s, likeins Coanda-inntaket og høgspenitanlegget. Det er òg ledig plass til ny turbin i kraftstasjonen. Omsøkt auke i slukeevne vil difor ikkje medføre nye terrenginngrep i området.

Statsforvaltaren si vurdering

Den raudlista flaummosen (NT-nær truga) er ein oseanisk art som trivst i fuktigkjøpeland område. Arten er difor truga av vasskraftutbygging. Undersøkingar i det aktuelle tiltaks- og influensområdet til Vaka kraftverk viser at arten ser ut til å ha tolt utbygginga godt, med ein sterk og levedyktig bestand langs vassdraget. Ein kan ikkje sjå bort ifrå at dette òg har samanheng med lokalklimatiske tilhøve.

Sjølv om tiltaket ikkje vil føre til nye terrenginngrep, vil omsøkt auke i slukeevne medføre ein vesentleg reduksjon av vatn i vassdraget samanlikna med slik situasjonen er i dag. For at ein kan akseptere auka slukeevne som omsøkt, må det forsikrast om at ikkje bestanden av flaummose blir forringa som følgje av mindre vatn.

Vi tilrår difor at NVE set vilkår om kartlegging av bestanden av flaummose som ligg innanfor det arealet langs vassstrengen som blir påverka av auka slukeevne. Ein må då kartlegge og kartfeste eit representativt utval av populasjonen slik den er i dag, slik at ein har eit nullpunkt som referanse. Vidare må det stillast krav om at dei same områda blir kartlagt fem år etter endra slukeevne for å sjå på eventuelle negative effektar, slik at ikkje bestanden blir redusert som følgje av tiltaket. NVE må då kunne krevje at slukeevna blir sett tilbake til slik den var i opphavsleg konsesjon – 480 l/s – som ein veit er tilhøve der flaummosen klarer seg.

(...)



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Vaka kraftverk AS kommenterte innkomen høyringsfråsegn i brev av 02.02.2026:

(...)

Me har fått tilsendt ei fråsegn frå Statsforvaltar. Me takker for den og ser at Statsforvaltar er positiv til å auke slukeevna i Vaka Kraftverk.

Utbygginga har jo vist at arten tåler fråføringa av vatn godt, og i perioda frå 2014 og fram til i dag har me bevist at arten har auka i omfang, og me har også bevist at store deler av den ikkje er avhengig av vatn frå elva.

Ei auke i slukeevna vil medføra marginal endring av flaumtoppane, då elva har låg innsjøprosent, og er veldig dynamisk.

Dette er ein NT – art, altså i den minst alvorlege kategoria, og det at den vokser til tross for at det i store deler av vekstsesongen bare er minstevassføring som gjeld, kan tyde på at det her i vel så stor grad er lokalklimatiske forhold som har gitt økt vekst.

Me meiner derfor at det ikkje er noko grunn til å sette tidsbetinga konsesjon her, då det allereie ligg ein heimel til endring av vilkår ved alvorlig miljøskade i vannressurslova.

Me er derimot positive til å ta ein ny analyse av situasjonen om 5 år dersom det er ønskeleg.

Å sette vilkår om at man i praksis skal tilbakekalle en tillatelse etter få år er juridisk nybrottsarbeid innenfor småkraftverda som me ikkje har sett før.

(...)

Fråsegn og søkjar sin kommentar er tilgjengelege via elnnsyn og på saka si nettside:

www.nve.no/9147/v.

NVE si vurdering

NVE skal vurdere om fordelane med å auka maksimal slukeevne er større enn ulempene.

Kunnskapsgrunnlag

I vurderinga av konsekvensane for miljø og samfunn har NVE lagt til grunn informasjon frå søknaden med vedlagde notat og hydrologisk rapport. I notatet har Ecofact vurdert moglege konsekvensar for flaummose i vassdraget som følgje av den omsøkte auken i slukeevne. Høyringsfråsegna, søkjar sine kommentarar til denne og NVE sine egne erfaringar er òg lagde til grunn, i tillegg til den opphavlege konsesjonssøknaden med tilhøyrande utgreingar og bakgrunn for vedtak (NVE ref. 201002507-16).

NVE har òg gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 14.09.2026. NVE vurderer det samla kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å vurdere omfanget av tiltaket og verknad på miljø og samfunn, og til å fatte vedtak. Etter vår vurdering er dermed krava i vassressurslova § 23 og naturmangfaldlova § 8 oppfylt. Dermed kjem ikkje føre-var-prinsippet i § 9 til bruk.




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Hydrologiske verknader av tiltaket

Det hydrologiske grunnlaget i søknaden er basert på samanlikningsfeltet frå målestasjon 42.2.0 Djupevad. NVE har gjennomgått grunnlaget og legg det til grunn for vurderinga av dei hydrologiske verknadene av auka maksimal slukeevne. Figur 1, 2 og 3 er henta frå søknaden og viser vassføringsfordelinga gjennom året før utbygging, ved dagens regulerte situasjon og ved auka slukeevne.




Figur 1. Vassføringsfordeling gjennom eit tørt år. Figur frå søknad.




NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 2. Vassføringsfordeling gjennom eit middels år. Figur frå søknad.



Figur 3. Vassføringsfordeling gjennom eit vått år. Figur frå søknad.

Middelvassføringa i vassdraget er om lag 490 l/s. Dagens maksimale slukeevne på 480 l/s svarer til om lag 98 % av middelvassføringa. Hovudalternativet med 865 l/s svarer til om lag 177 % av middelvassføringa, medan alternativ 2, med 720 l/s, svarer til om lag 147 %. Samanlikna med

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

dagens situasjon inneber dette ein auke i maksimal slukeevne på om lag 80 % i hovudalternativet og om lag 50 % i alternativ 2.

Tabell 2. Oversikt over korleis talet på dagar med tilsig større enn maksimal slukeevne (dagar med overløp) varierer i tre representative år: eit tørt år (1996), eit middels år (2004) og eit vått år (2017).

Vassføring > Qmax	Tørt år (1996)	Middels år (2004)	Vått år (2017)
Gjeldande konsesjon (480 l/s)	40	91	133
Hovudalternativ (865 l/s)	17	58	76
Alternativ 2 (720 l/s)	23	66	97

Tabell 2 viser at talet på dagar med tilsig over maksimal slukeevne blir redusert i begge alternativa, men mest i hovudalternativet. I eit tørt år går talet på overløpsdagar ned frå 40 i dagens situasjon til 17 i hovudalternativet og 23 i alternativ 2. I eit middels år blir talet redusert frå 91 til 58 i hovudalternativet og 66 i alternativ 2. I eit vått år blir talet redusert frå 133 til 76 i hovudalternativet og 97 i alternativ 2. Dette svarer til ein reduksjon på høvesvis om lag 58, 36 og 43 % i hovudalternativet, medan reduksjonen i alternativ 2 er høvesvis om lag 43, 27 og 27 %. Etter NVE si vurdering viser dette at alternativ 2 ligg nærare dagens regime enn hovudalternativet, fordi reduksjonen i overløp og flaumtoppar blir noko mindre.

Etter NVE si vurdering er det særleg dei moderate og hyppige flaumhendingane som blir påverka av auka slukeevne. Dei største flaumane vil framleis i hovudsak gå i overløp, fordi vassføringa då ligg langt over både 720 og 865 l/s. Verknaden av tiltaka ligg derfor først og fremst i at mellomstore flaumtoppar og periodar med høgare vassføring blir dempa oftare. Denne effekten er størst i hovudalternativet. Alternativ 2 gir òg ei slik demping, men ligg nærare dagens situasjon. Det fører til mindre reduksjon i moderate overløp og flaumtoppar i elva. For reststrekninga, som berre får eit avgrensa tilskot frå restfeltet, inneber dette at særleg øvre del av strekninga framleis vil få reduserte overskylt samanlikna med i dag. Reduksjonen blir likevel mindre enn ved hovudalternativet.

Klimaframskrivingane i søknaden peikar på meir nedbør og høgare temperaturar, særleg om vinteren, noko som kan gi fleire regnflaumar. Etter NVE si vurdering endrar ikkje dette hovudbiletet i saka. Også i eit våtare klima vil begge alternativa redusere talet på moderate overløp, medan dei største hendingane framleis vil passere inntaket. NVE legg derfor vekt på at auka slukeevne svekkjer den naturlege flaumdynamikken på fråført strekning. Samla vurderer NVE at alternativ 2 gir ei mindre endring i vassføringsregimet enn hovudalternativet, og i større grad tek vare på flaumdynamikken i vassdraget.

Naturmangfald

Vaka elva har ein viktig førekomst av flaummose. AMBIO dokumenterte at arten er knytt til elvestrekninga og kan vere avhengig av regelmessig vasstilførsel frå flaum eller sigevatn. Ved konsesjonsbehandlinga i 2012 var omsynet til flaummose avgjerande for å redusere maksimal



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

slukeevne frå 750 l/s til 480 l/s. Desse økologiske forholda er framleis relevante, men må vurderast i lys av ny kunnskap om bestanden etter fleire års drift.

Flaummose stod oppført som sårbar (VU) på nasjonal raudliste i 2010. Ved revisjonane i 2015 og 2021 blei statusen endra til nær truga (NT), som er dagens kategori. Endringa byggjer på at arten har ein liten, fragmentert populasjon i tilbakegang, men kunnskapsgrunnlaget om faktisk populasjonsreduksjon er avgrensa. Arten er påvist på om lag 100 lokalitetar langs Vestlandskysten, og dannar ofte store populasjonar der forholda ligg til rette.

Artsdatabanken vurderer flaummose som truga av småkraftutbygging og endringar i vassdrag, inkludert flaumhindring, kanalisering og andre inngrep som påverkar vassmiljøet. NVE legg vekt på at flaummose har avgrensa utbreiing og er sårbar for endringar i vassføringsregime. Endra slukeevne kan påverke artens livsvilkår, særleg for delpopulasjonar nær vasstrengen. Omsynet til flaummose skal derfor vere sentralt i vurderinga av tiltaket.

Ecofact si kartlegging frå 2023 viser at flaummose framleis finst i store mengder i dei kjende vekstområda, og at hovudbestanden framstår som sterk og levedyktig. Rapporten peikar samstundes på at dei gode tilhøva ved Vaka truleg òg heng saman med lokalklima, topografi og høg årsnedbør. Etter NVE si vurdering gir dette eit betre kunnskapsgrunnlag enn ved førre vedtak, og det gir grunnlag for å vurdere ein viss auke i slukeevna. Den nye kunnskapen gir derimot ikkje grunnlag for å konkludere at ytterlegare reduksjon i vassføring er utan betyding, særleg for delpopulasjonar nær vasstrengen.

Statsforvaltaren i Rogaland peikar på at flaummose kan vere sårbar for redusert vassføring og tilrår kartlegging og oppfølging dersom slukeevna blir auka. NVE legg vekt på denne fråsegna. Samstundes viser det samla kunnskapsgrunnlaget at alternativ 2 gir meir avgrensa verknader enn hovudalternativet. NVE meiner derfor at det ikkje er grunnlag for å setje særskilte vilkår om ny kartlegging og oppfølging no. Eventuelle behov for seinare undersøkingar kan følgjast opp innanfor naturforvaltningsvilkåra i gjeldande konsesjon.

Begge alternativa gir færre dagar med høg vassføring på fråført strekning, og hovudalternativet gir den klart største endringa frå gjeldande konsesjon. Etter NVE si vurdering er det særleg reduksjonen i moderate og hyppige flaumtoppar som er viktig for flaummose, fordi slike hendingar kan bidra til regelmessig fukttilførsel i flaumsona. Alternativ 2 vil òg redusere slike flaumtoppar, men i mindre grad enn hovudalternativet. NVE legg vesentleg vekt på at alternativ 2 i større grad tek vare på flaumdynamikken som kan vere viktig for vassnære delpopulasjonar av flaummose. Når det framleis er noko usikkerheit om korleis dei mest vassnære delpopulasjonane blir påverka, meiner NVE at alternativ 2 gir eit betre avvegd nivå mellom produksjonsgevinst og omsynet til flaummose enn hovudalternativet.

Det er òg registrert enkelte observasjonar av andre artar i området, mellom anna gråmåse (VU), storskarv (NT), gauk (NT) og ål (EN). Etter NVE si vurdering har desse registreringane avgrensa betyding i denne saka fordi dei ikkje har ei tydeleg funksjonell kopling til den delen av vassdraget som blir påverka av auka slukeevne. Vurderinga av påverknad på naturmangfald er derfor i hovudsak knytt til flaummose, som er den naturverdien tiltaket mest direkte kan påverke.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Vi har vurdert kva verknader tiltaket kan ha for naturmangfaldet, både isolert sett og saman med andre inngrep og påverknader. Etter NVE si vurdering vil tiltaket ikkje auke den samla belastninga i nemneverdig



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

grad for naturtyper og artar. Vi meiner òg at verknadene er avgrensa, og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Det søkte inngrepet vil få følgjer for vassførekomstane 041-131-R Elv i Vakadalen nedstraums inntak Vaka kraftverk. Vassførekomst 041-131-R er modifisert, og har i dag dårleg økologisk tilstand basert på biologiske klassifiseringsdata. Dei viktigaste påverknadene i vassførekomsten er avrenning frå jordbruk og urban utvikling, begge med middels grad av påverknad. Vasskraft er nemnd i Vann-Nett med liten grad av påverknad. Miljømålet GØT skal bli nådd i 2033.

Tiltaket er ikkje venta å svekkje nokon av kvalitetselementa til ein lågare klasse enn i dag, eller hinder at miljømålet blir nådd i nokon av dei ramma vassførekomstane. Alternativ 2 medfører ikkje nye tekniske inngrep eller fysiske endringar i elveløpet, og den pålagde minstevassføringa blir ikkje endra. Auka maksimal slukeevne vil redusere talet på moderate overløp, men i mindre grad enn hovudalternativet. Dei største flaumane vil framleis passere inntaket. På bakgrunn av det hydrologiske grunnlaget og vurderingane av naturmangfald meiner NVE at endringane ved alternativ 2 ikkje er venta å påverke habitatforholda i eit slikt omfang at kvalitetselement blir svekte til ein lågare klasse eller at miljømålet ikkje kan nåast.

NVE si oppsummering og konklusjon

Vaka kraftverk AS søker om løyve til å auke maksimal slukeevne i Vaka kraftverk frå 480 l/s til 865 l/s. NVE har òg vurdert alternativ 2 med maksimal slukeevne på 720 l/s. For at NVE skal kunne gi løyve til endringa, må kravet i vassressurslova § 25 vere oppfylt. Dette inneber at fordelane ved tiltaket må vere større enn skadane og ulempene for dei allmenne interessene.

Som det går fram av hydrologi- og naturmangfaldvurderingane, vil begge alternativa redusere moderate overløp og flaumimpulsar, men hovudalternativet på 865 l/s gir den klart største endringa frå dagens regime. Etter NVE si vurdering vil hovudalternativet gi for stor reduksjon i vassføringsdynamikken sett opp mot produksjonsgevinsten på om lag 1,8 GWh. Alternativ 2 på 720 l/s er òg meir inngripande enn dagens utbygging, men gir ein meir avgrensa reduksjon i moderate flaumtoppar. NVE legg vesentleg vekt på at alternativ 2 i større grad tek vare på flaumdynamikken som kan vere viktig for vassnære delpopulasjonar av flaummose.

NVE legg òg vekt på at alternativ 2 ligg nærare det nivået som tidlegare vart vurdert i konsesjonsbehandlinga enn hovudalternativet. Saman med ny kunnskap om bestanden og dei hydrologiske verknadene støttar dette at alternativ 2 gir ein betre balanse mellom produksjonsgevinst og omsynet til naturmangfaldet. Tiltaket vil gi auka fornybar energiproduksjon utan nye arealinngrep og utan ein endring i minste slukeevne. Hovudalternativet ville auke produksjonen frå om lag 4,6 GWh til 6,4 GWh, medan alternativ 2 vil auke produksjonen til om lag 5,5 GWh. Alternativ 2 gir ein produksjonsauke på om lag 0,9 GWh utan nye arealinngrep, samtidig som påverknaden på flaummose blir meir avgrensa enn ved hovudalternativet.

Etter NVE si vurdering er ulempene for naturmangfaldet ved alternativ 2 avgrensa nok til å kunne akseptast etter ei samla vurdering, særleg fordi alternativet gir noko mindre reduksjon i



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

flaumimpulsar enn hovudalternativet. Hovudalternativet på 865 l/s ville derimot gitt for stor reduksjon i flaumtoppar og for stor risiko for svekking av vassnære førekomstar av flaummose.

NVE vurderer at fordelane ved tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Vaka kraftverk AS kan auke maksimal slukeevne i Vaka kraftverk til 720 l/s.

Med helsing

Oscar Østvold

fagleiar

Charlotte Bøhm

rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

VAKA KRAFTVERK AS

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
VINDAFJORD KOMMUNE
KAMBO ENERGI AS - Egil Kambo

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 ukar. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.